

Hilsen til Arne Garborg på fødselsdagen 25. januar 1905

I årboken for 2022 har jeg gitt noen glimt av historien til Egnund U.L. Kilden til den lille artikkelen er først og fremst ungdomslagets møtebok, men også deler av Einundingen. Dette var et håndskrevet blad for Egnund U.L. I likhet med møteboken oppbevares Einundingen på biblioteket i Alvdal.

I artikkelen forteller jeg at ungdomslaget sendte telegram til Arne Garborg på hans fødselsdag 25. januar 1905, i møteboken gjengitt slik:

*Og Einund-ungdomen takkar
og ynskjer deg mange aar.
Um og me seinlegt lakkar,
Me rekkjer dra dine spor.*

I sommer studerte jeg Einundingen mer grundig, og fant der opplysninger om denne hilsenen til Garborg. Verset i telegrammet viser seg å være forfattet av Ivar Mortensen Egnund, og inngår i en sang han skrev til Garborgs fødselsdag. Hele denne sangen på 18 vers der forfatteren kaller seg for Ivar Myrom, er gjengitt i Einundingen:

Helsing fraa Einund-ungdomen
Til
Arne Garborg
25-1-05

1.
No vil me han Garborg minnast,
for no han fyller sitt aar.
Det skal vel med Einund finnast
etter den kulten et spor.

2.
Vel tjuge aar er det sida
han kom hit for fyrste gong
og sveiv uppi Saval-lida,
med vinden i furuom song.

3.
Her vilde han faa seg ei hytte
og liva so hugheil og fri.
Her kunde ein tida nytte
til anna enn kaving og strid.

4.
Det var i den faarlege tida,
um «veto» gjek striden som best
og midt uppi fritenkjar-rida,
og alstad var Garborg verst.

5.

I bygda folk vart forferda,
og presten han slipte sit sverd;
«Ho er daa vel stor nok verda,
so han treng inkje slaa seg til her.

6.

Skal slig en krop her faa svive,
som inkje er ret i si tru,
han bølingen fraa meg vil rive,
slikt fatar som eld uti strju.

7.

Sjaa til aa faa jaga den lurven;
han vasar med maalstræv og dikt:
paa kassa kjem heile hurven,
kvi skal me føde paa slikt?»

8.

Og det var han Morten Myrom,
vart vond for alt dette tull:
«Vil ein granske i hjartom og nyrom,
her finn ein det reinaste gull.»

9.

«Paa min grunn du frikar skal vera,
og ingen skal jaga deg ut,
me bønder vil hava den æra,
me vyrder so gildsleg ein gut.

10.

Sjaa deg ut ein stad burti skogen,
der som du likar deg best,
og legg so land under ploegen,
der kjem korkje lensmann hell prest.»

11.

So fekk han eit hus attmed grensa,
der bygdane støyter ihop,
og gjorde korkje sjaa eller ense
alt byfolk som kom der paa kop.

12.

Han Garborgten gjekk der og rugga,
og vyrde inkje det slag,
naar han hadde ei ørlita tugge,
da var han i ovgodt lag.

13.

Og skreiv so det gneistra for augom
og lyste vidt yvir land
og ljoma høgt millom haugom
av harmen som i honom brann.

14.

Daa skvatt baade prest og klokkar:
«Den guten me skreme ei kann.
Det klokare er at me lokkar,
so kan me vel faa han i band.»

15.

Men alt dei lokka og leika,
paa Garborgten inkje dei vann;
kor gode og søtlege sleikar
dei gav han, so er han den mann:

16.

Sitt upphav aldri han gløymer,
at bondegutten han er.
Den dagen skal koma, han drøymmer,
det røyntest kva bonden er verd.

17.

Og Einund-ungdomen takkar
og ynskjer deg mange aar.
Um smaatt og seinlegt me lakkar,
so rekkjer me daa dine spor.

18.

Og den gong Ivar på myrom
syng visa på eigen lund,
baade etter drengjom og dyrom
den rekkjer spor som ein hund. ¹



Arne Garborg ved skrivebordet. MINØ.049457


Arne Garborg takket Ivar Mortensen Egnund varmt for sangen, og sendte samtidig en hjertelig takk til Egnund U.L for telegrammet. Hele takken er gjengitt i Einundingen:

Labråten 25/1-05

Du Ivar:

Det er saa mykje eg hev aa takke fyr i Dag; ei gild Telegraf-Helsing fraa Einund-Ungdomen og so den songen din, som vel gudbetre (dig)?, er altfor gild, men som eg ikkje kann hava noko imot for den skuld. Og ein gong naar eg er daud, maa han komme paa prent, han maa ikkje ligja burtgjøimd i ein pult ævlig. Tusind takk! Og gjev du kunde faa sende mi takk-helsing til ungdomslaget! – Det er so gildt og sjaa at ungdomen der uppe er med. Og gud veit, det kan vel komma tider daa me serskilt treng ungdomen – og ein frisk, ein djerv ungdom – Det kan elles sjaa ymist ut; Ein veit aldri rett kor ein hev Nordmannen. Men eg er lit grand modig i dag; Eg fekk helsing fraa so mange tingmenn, at eg maa tru den norske tanken held seg. Og so for me no sjaa daa, veit du.

Aadne



Arne Garborgs Kolbotn ved Savalen.
MINØ.045423

Som vi ser ønsker Arne Garborg at sangen ikke må bli «burtgjøimd». Når årboken nå trykker sangen er det trolig første gang den står på «prent», og da passer det godt at det skjer i 2024, 100 år etter Garborgs død.